

AVTALE OM JORDLEIGE

Mellom

HORDALAND FYLKESKOMMUNE (UTLEIGAR)
PB. 7900
5020 BERGEN
ORG. NR. 938 626 367

OG

ARNE GUNLEIV HAUGSVÆR (LEIGAR)
ROSLANDSVEIEN 1161
5918 FREKHAUG
ORG. NR. 997741617

1. AVTALEN GJELD

Hordaland fylkeskommune leiger til Arne G. Haugsvær om lag 15 dekar fulldyrka jord på eigedom gnr 4 bnr 1 i Meland kommune.

2. LEIGETID

Leigetida er 10 år rekna frå 1.1.2014, og avtalen vert avslutta utan oppseiing 31.12.2023.

3. ÅRLEG LEIGE/REGULERING

Årleg leige er kroner 1200,-. Leiga skal betalast etter rekning frå utleigar. Utleigar kan krevja forskotsbetaling for eit år om gongen, første gong 1.1.2014. Deretter den 1.1. kvart av dei seinare åra. Om partane vert samde om det, kan anna betalingsplan avtalast.

Leiga skal ikkje regulerast i avtaleperioden.

4. BRUK AV AREALET

Leigearealet skal nyttast til jordbruksformål og drivast og haldast i hevd etter vanlege driftsmåtar på våre kantar. Dette gjeld jordarbeiding, gjødsling, ugraskamp og anna naudsynt stell.

5. OVERFØRING AV AVTALEN / FRAMLEIGE

Dersom heimelen til leigearealet går over på ny eigar, trer den nye eigaren inn i avtalen med dei same rettar og pliktar som førre eigar. Ved mogleg eigar / brukarskifte på leigetakar sin eigedom, trer den nye eigaren / brukaren inn i avtalen på same vilkår.

6. MISLEGHOLD

Vesentleg misleghald av avtalen gjev eigaren rett til å krevja leigeavtalen heva.

7. ANDRE FORHOLD

Det er eit vilkår at drifta av arealet ikkje fører med seg vesentlege ulemper eller skader for golfanlegget.

Det skal ikkje nyttast husdyrgjødsel.


Eventuell ferdsel over golfanlegget sitt område for å koma til Grinddalen må avtalast nærmare mellom leigetakar og stiftelsen Meland Golfklubb.

8. TINGLYSING


Avtalen kan ikkje tinglysast utan etter avtale med utleigar. Utleigar kan stille vilkår for å godta tinglysing.

9. SIGNERING M.M.

Denne avtalen er skriven i to eksemplar. Eit til kvar av partane og eit til kommunen.



Hordaland fylkeskommune
Utleigar



Arne G. Haugsvær
Leigar

27.3.2014